

## Velkomen som elev ved Voss gymnas!

Fyrste skuledag vert **måndag 17. august** på Voss gymnas. Denne dagen er sett av til startsamtaler mellom kontaktlærarar og elevar. Voss gymnas tykkjer det er ei føremon om føresette har høve til å møta saman med eleven. Av erfaringar veit me at god kommunikasjon mellom skule og heim er viktig, men dersom det av ulike grunnar ikkje høver for føresette å møta, har me forståing for dette. Det er sett av om lag 20 minutt til samtale med kvar elev. Målet med denne samtalen er at kontaktlæraren skal verta snarast mogleg kjend med elevane sine, slik at skulegangen kan verta tilpassa den einskilde.

Andre skuledag, tysdag 18.august vert det felles opning i idrettshallen på Voss gymnas kl. 08.40, deretter vil du møta klassen din.

Nedanfor fylgjer nokre stikkord som skulen oppfattar som viktige i startsamtalet:

- Forventningar til vidaregåande skule (t.d. ambisjonar)
- Kvifor dette skulevalet (t.d. interesser, planar for framtida,)
- Arbeidsvanar (t.d. lekser, tidsbruk, fritidsaktivitetar)
- Behov for særleg tilrettelegging (ta med dokumentasjon)
- Eventuelt andre tilhøve

I samband med startsamtalet vil det òg verta gjennomført boklån. Her er peikar til lånekontrakten som skal signerast digitalt:

[https://tjenester.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt\\_elev](https://tjenester.vlfk.no/opplaering/person/lanekontrakt_elev)

Før du får utlevert lærebøker må lånekontrakten vera signert (dette er i følge med Vestland fylkeskommune sine retningsliner). Når du er under 18 år må kontrakten dobbeltsignerast, først av deg som elev og deretter av føresette. Dersom du har lånekort, kan du ta med dette. Om du ønskjer digitalt lånekort, kan du ordna det her: <https://bibliotekkortet.no> Før eller etter startsamtalet går du til biblioteket for å låna skulebøker. Du får tildelt bokskåp på startsamtalet.

Me vil òg spørja om samtykke til å bruka bilete av deg i ulike media. For å gje samtykke må du/føresette signera "Samtykke til bruk av bilete" på startsamtalet.

Datamaskin og IKT-hjelp: Du vil få IKT-opplæring på skulen. Du må sjølv ta med datamaskin og du kan kjøpa gjennom [Vestland fylkeskommune](https://www.vestlandfylkeskommune.no) etter at du har fått elevplass.

**Tid for startsamtale får du på SMS** direkte frå kontaktlærar.

Me vonar at du alt frå fyrste skuledag vil trivast som elev ved Voss gymnas!

Venleg helsing

Håvard V. Styve  
Rektor Voss gymnas

Me gjer merksam på at det ikkje er høve til å parkere ved skulen. Det er vanlegvis god plass i parkeringshuset (Vossapark).